



Tilbud om skogbruksplan i Sunnfjord

Bestillingsfrist: 3. mars 2025



at skog

Skogeigarlaga i Førde, Gaular og Jølster

Vi ønskjer å tilby følgjande:

Skog- og miljøplan

Ein skogbruksplan er det beste utgangspunktet for planlegging, verdiskaping, ressursforvaltning og miljøomsyn i skogen din. Med ein heildigital plan kan du nytte all funksjonalitet i ALLMA og halde den oppdatert for framtida. Skogarealet er på karta delt inn i bestand etter alder, treslag og skogens produksjonsevne (bonitet).

Miljøregistrering



Miljøregistrering i skog (MiS) er ein metode for kartlegging av område som er viktige å ta vare på. For å kunne selje tømmer, må eigedomen vere miljøsertifisert. Resultata frå miljøregistreringa blir inkluderte i skogbruksplanen og desse vil vere godkjent i 15 år frå leveringsdato. PEFC-merket er ei internasjonal merkeordning for tre- og papirprodukt som skal sikre berekraftig skogbruk.

I planen fer du mellom anna:

- Oversikt over kubikkmasse og tilvekst.
- Detaljinformasjon om kvart skogbestand.
- Gode råd om kva tiltak du bør gjere i skogen.
- Oversikt over eventuelle miljøkvalitetar, MiS-figurar, freda kulturminne.
- Forslag til årleg hogstkvantum.
- Eit godt utgangspunkt for takst og verdivurdering ved sal/overdraging

Feltbefaring av:

- Hogstklasse 1 og 2, alle treslag.
- Granbestand i hkl 3, 4 og 5.
- Hjorteskader på gran registrerast i alle hogstklasser.
- Furubestand i hkl 5 (over 20 m³/daa).
- Miljøregistreringer.



Framdriftsplan

- Fototakst 2025
- Kartmøte haust 2025 (Skogeigar kan teikne inn vegar, sleper, hogstar o.l.)
- Feltarbeid 2025 og 2026
- Planane blir leverte til skogeigaren hausten 2026.